

# VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

DESEMBER 2018

## Innhold

Leiaren har ordet	2
Takketale ved utdeling av Amboltprisen 2018	5
Grunngjeving frå juryen for Amboltprisen 2018	9
Under Stjernone	10
Tobakksbeten	14
To kjelder med uprenta dikt og anna etter Olav H. Hauge	16
Dagboka - kven er oftast omtala?	20
Et dikt til Olav H. Hauge frå Mia Berner	22
Gro Dahle med eigne dikt i Ulvik Folkebibliotek	24
Frå årsmøtet i Venelaget laurdag 8. september 2018 på Rossvoll	30
Olav H. Hauge-samlingane, kva og kvar er dei?	31
Poesifestivalen 2018	32
Kort om skribentane i dette heftet	34



## **LEIAREN HAR ORDET** av Olav Ljones

Her kjem ei ny utgåve av Venelagsheftet med historier og omtale av Olav H. Hauges liv og diktargjerning. Det kan verta mange ord omkring, og ein skal ikkje gløyma at kjernen for interessa er dikta – poesien. Det er så mykje anna å skriva om, så det vert ofte gløymt å ha med prov på dikta til Olav. Ei orsaking for det kan vera at det er lett å få tilgang til diktarverket ved å skaffa seg siste utgåve av Dikt i samling og dei meir ukjende dikta som kom ut i Seljefløyta, som Bodil Cappelen har samla og gav ut våren 2018.

I dette nummeret av Venelagsheftet er det ein artikkel som samlar informasjon om dikt som har vore trykte i ulike aviser og blad.

Det er fleire stader omtala at det første diktet på prent kom i Gula Tidend i august 1927. (kom og i Bergen Arbeiderblad 15. august 1928)

Diktet er ikkje med i Seljefløyta, og for dei som ikkje er kjende med det, skriv eg det her slik det står i biografien til Knut Olav Åmås frå 2004, «Mitt liv var draum».

### **SLÅTTESONG**

Dei slær alle engjer no  
- engjer med det grøne graset.  
Ljåen syng og sukkar so  
der han alle liv lyt knase.

Dei slær alle engjer no;  
ljåen kviskrar, syng – å høyr!  
syng um farne gløymde sumrar,  
syng om alle dei som dør.

Gamle unge, vesle barne –  
ljåen um dei alle kveda  
gamle dagar som er farne  
og sveiv burt i sorg og gleda.

Mange, mange lange år  
stilt for alltid kvorve har.  
No ligg dei der bak og drøymer  
dei som framtdidsdraumen var.

Dei slær alle engjer no;  
blomar fell og fell i koll;  
snart so er kvart strået skore  
på den heile, vide voll.

Bjarte blomar tirrar enn,  
lyser gult og raudt i skåren;  
enn det skin i doggi perlor;  
er det tårer, blom for våren?

Som ei sviga mjå og mjuk  
ljåen svingar gong på gong;  
stoggar, sjogar att og sveiver  
sangrar med den gamle song.

Dei slær alle engjer no;  
ljåen kviskrar, syng – å høyr!  
song til kvorvne, såre tider,  
song til dei som syng og dør.

Så er det opp til kvar og ein å vurdera dette første diktet på prent opp mot dei seinare dikta frå Olav.

Det er snart jol, og i Hardangerjol for 2017 samla eg nokre juledikt som ein kan finne i dagboka til Olav H. Hauge, det første frå eit julekort til Bjarte Birkeland.

Me skal feira jol  
i kvert vårt bol.  
Og vera sæle te  
at me har fred  
og godt med ved.

Etter jola 1967 skreiv han i dagboka for 21. januar 1968:

### **JOLETRESTAS**

Det kan no vera so med denne joletrestasen  
han kan vera fin,  
men det er no godt ein ikkje tek han  
fram anna enn kvar jol, -  
I ljoset ein mørk jolekveld  
kan han glitra og blenkja,  
for barneauga då  
men i dagsljoset - -  
Godt trettandagen kjem  
So ein kan gøyma han.

Han har òg tankar om jolebunda i dagboka for 26. november 1966.  
Noko omarbeidd er dette diktet trykt i samlinga Spør vinden (1971).

### **JOLEBUNDA**

Det er ikkje mykje med jolebunda di i år, kornet vart grønt og mygla i laden.	Men du set bunda på stong og det høgt – og ventar takk både av fuglane og Vårherre.
--	---

Ein kan ikkje i joletida kome utanom diktet Vinternatt frå diktsamlinga «Under bergfallet». Det er tonesett av Finn Coren og er no òg salme.

No kveikjer Vårherre sitt joletre  
i den kvite vinternatt.

All den glitrande stasen, barn,  
vilde du gjerne havt.

Himmelgrani so fin og blå  
Har greiner av tandrande ljos;  
karlsvogner kjem frå langferd der,  
og måneskip sigler sin kos.

Du vil gripa og leika, barn.  
Og kanskje skal di hand  
ein gong plukka månar ned  
og sløkkja stjernor i brand.

### ***God jol til alle – Hauge-vener og andre***

#### ***Frå Olav***

## **TAKKETALE VED UTDELINGEN AV AMBOLTPRISEN 2018** av Ole Karlsen

**Kjære pris-jury,**  
**kjære alle Haugevenner,**

hjertelig takk for prisen! Hjertelig takk til juryen som i år har valgt nettopp meg til prisvinner. Når jeg tenker på mange andre som også hadde fortjent en slik pris, og ikke minst når jeg tenker på den flotte rekken av tidligere prisvinnere – Bodil Cappelen, Jan Erik Vold, Robert Bly, Idar Stegane for å nevne noen – så blir jeg både ydmyk og stolt. Det er naturligvis ekstra stas for meg at Idar Stegane, den første vinner av Ambolt-prisen, er medlem av juryen. Og dét av flere grunner: Stegane har fulgt mitt arbeid med Hauge grundig og kritisk helt fra tidlig på 1990-tallet da jeg arbeidet med hovedfagsavhandlingen min om Hauge. Og han måtte jo naturligvis være opponent da jeg i 2000 disputerte for doktorgraden, og siden hen har han fulgt nøyne med på bokkapitler og artikler. For det andre hadde Stegane med sin avhandling om Hauge risset opp det bakteppet for forfatterskapet som all senere Hauge-forskning har måttet forholde seg til og også opponere mot. For det tredje: Stegane kommer fra Universitetet i Bergen. Hauge var med sin store lesning på et vis sitt eget universitet, men var det ett universitet han hadde et særlig forhold til, så var det Universitetet



i Bergen. Der var Atle Kittang, der var Georg Johannesen og der var Idar Stegane, og alle disse hadde Hauge et personlig forhold til og særlig Stegane var flink til å invitere Hauge til Bergen slik at studentene kunne møte Hauges dikt fra mannen selv. Uten å ta for sterkt i mån vel kunne si at det var i Bergen en tradisjon for Hauge-forskning ble til. På sett og vis ble Hauge kjent for et bredere publikum via akademia. Den første brent anlagte artikkelen om forfatterskapet sto i Syn og segn i 1962, skrevet av Bjarte Birkeland som senere ble professor i Bergen. Da denne artikkelen kom, hadde Hauge fått Kritiker-prisen for *På Ørnetuva*, selve overgangsboka i forfatterskapet da Hauge sto fram med en enda større lyrisk redskapskasse enn i den foregående fasen på 1950-tallet, og naturligvis var det lyriske repertoiret langt større enn i debutboka

*Glør i oska* fra 1946 som langt på veg hører bedre hjemme i førkrigslyrikken enn i etterkrigstida. «Olav H. Hauge – ein diktar med vengefang» var tittelen på Birkelands artikkelen. Så dermed kan man på en måte tidfeste Bergen-miljøets sentrale posisjon i Hauge-forskning og -formidling allerede tidlig på 1960-tallet, selv om Birkeland altså ennå ikke var begynt ved Universitetet i Bergen. Birkelands innsats glemmes ofte, artikkelen er fremdeles lesverdig og innsiktsfullt. Men iallfall kan man si at de som begynte å sysle med Hauge fra andre halvdel av 1960-tallet kom til iallfall delvis dekket bord når de skulle spre sitt glade Olav H. Hauge-evangelium.

Det er nå snart gått en generasjon – 30 år – siden første gang jeg kom hit til Rossvoll. Jeg var da gymnaslektor med engelsk hovedfag, men jeg hadde begynt å arbeide med nordisk hovedfag ettersom norsk var det faget jeg underviste mest i. Før jeg kom hit hadde jeg vekslet brev med Hauge og snakket med han i telefonen. Jeg husker at han geberdet seg veldig over potetåkeren, det var så mye arbeid å ta opp poteter. «Han må ha en ov-diger potetåker», tenkte jeg, og jeg må innrømme at jeg ble en smule forundret over det lille frimerket av en potetåker han hadde ved innkjørselen til eiendommen her. Klokka var 9 på morgenen da jeg kom, sikert en av disse «milde soldagane

i september». Bodil Cappelen serverte frokost, ferskt hjemmebakt brød. Olav H. Hauge la på tjukke lag med godt smør på brødskiva og gamalost på toppen og presenterte en liten utgreiing om den udiskutable sammenhengen mellom det å oppnå høg levealder og inntak av mye smør og gamalost! Men mest fikk jeg følelsen av at han vurderte meg, om denne østlandske gymnaslektoren kunne være noe tess. Og jeg må ha bestått prøven fordi jeg etter frokost ble invitert opp i det aller helligste, opp i biblioteket. Der ble vi i 12 timer, kun avbrutt av Bodil Cappelen som ropte oss ned til mat. Mange tror at Hauge var en mann av få ord, og det var han nok i mange sammenhenger. Men han var også utrolig snakkesalig og kunne holde time-lange foredrag. Da jeg var der holdt han korte innlegg, ca 10 minutter om gangen, basert på bøker han plukket ut av bokhylla si, og hver innlegg ble avsluttet med «men det veit vel du som er lektor». Og svært ofte visste jeg det ikke!

Om en forfatter av Hauges kvalitet og posisjon vil det gjerne oppstå en viss kamp om ettermalet. For så vidt er dette ikke så urimelig å tenke seg, mange har arbeidet mye med Hauge og lagt mye omtanke og omhug i forskning og formidling. Jeg har naturligvis også mine aksjer i Hauge-forvaltninga, og av og til har jeg nok tenkt på «Sleggja» i så måte:

Eg er berre  
ei sleggje.  
Eg stend der no.  
Eg lyt berre til  
når det røyner på.

Men i stedet for å gripe til slegga og gå i rette med høyst diskutable utlegninger av Hauges dikt, hans posisjon i norsk lyrikkhistorie eller ulike forsøk på å knytte ham til bestemte filosofiske eller ideologiske tankemåter, har jeg balansert slegga mot «Syn oss åkeren din»:

Møt ikkje med:  
gøyande hund,  
hotande hand,  
trakk ikkje i rugen!  
Men syn oss åkeren din  
Ei morgonstund.

Selv har jeg ikke syntes det har vært noe særlig hyggelig å få se i avisene at min avhandling om det romantiske i Hauges diktning, blir tatt til inntekt for en slags metafysisk Rudolf Steiner-inspirert forståelsesmåte. Slike synsmåter må bunne i at man ikke er kjent med moderne romantikkforskning og heller ikke har den kunnskapsrespekt som tilsier at man forsøker å sette seg inn i saksforhold før man kommenterer dem. Likeledes er jeg bekymret for den manglende forståelse for det prosessuelle i Hauges diktemåte. Han blir aldri ferdig med en del dikt, og det er naturligvis ikke slik at et dikt nødvendigvis er ferdig fordi det

er kommet i bokform. Helt til det siste arbeidet Hauge med sine dikt, og da han går bort, er hans *Dikt i samling* ferdig, prosessen er slutt, sluttstrek er satt og han har valgt sin egen kanon blant sine egne dikt. Øvrige dikt og tekster må gjerne gis ut, men når sluttstrek er satt, skal ikke dikt lenger settes inn i *Dikt i samling*. «Ny og auka utgåve» var gjerne undertittelen hver gang det kom en dikt i samling fra Hauges hånd. Men denne undertittelen sto ikke i den aller siste utgaven han selv fikk utarbeidet før det lange livet hans tok slutt. Det finnes mange gode dikt som Hauge selv ikke tok med i sin endelige *Dikt i samling*, den i bokstavelig forstand autoriserte utgaven. Disse diktene må gjerne komme ut, helst i et samlet stort bind med grundige kommentarer. Det samme gjelder naturligvis hans gjendiktninger!

Jeg er svært glad for at et større forskningsarbeid nå er i gang om Hauges dagbøker. I mine samtal med Hauge og siden hen da dagbøkene kom i bokform, fremstår han som en leser. Lesning var Hauges liv, for han var det en besettelse, det var forlokkende og det kunne være farlig. Lesningens eksistensielle betydning for Hauge står sentralt i dagbøkene, og min kollega Ingrid Nielsen har allerede så vidt åpnet dette forskningsfeltet. Slike studier trenger vi mer av! Det vi ikke trenger er flere artikler der man slår ned på et dagboksstat som

så – uten kontekstualisering – benyttes for å «forstå» Hauges dikt eller ta han til inntekt for et bestemt språkpolitisk, oversetterteoretisk eller poetologisk standpunkt. Slike «vi-har-han-nå»-lesemåter forenkler, trivialiserer og banaliserer Hauges storhet som dikter; man ser ikke kompleksiteten og rikdommen i hans skrift, verken i dikt eller prosa.

Den beste kvittering jeg kan komme med som takk for denne prisen er å sitere Hauge selv. Så jeg avslutter med to dikt som viser spennvidden og kompleksiteten i Hauges univers. Det første leser slik, og her møter vi den svært mørke Hauge:

#### FYRSTEN

Han har det attum seg no,  
i eit veldig myrker:  
riket han rådde yver,  
livet, han er ferdig  
med det no,  
og tegjer  
um det  
skräemelege  
ljoset.

Han sit der. Ei beingrind  
i svart kappe. Hendene  
kviler, - han er blind.  
Men han ser, ikkje  
attende, det myrkret  
er hans eige, men  
fram,  
for deg, spør  
slik han sjølv  
vart spurde:

Er du til?  
Veit du  
kvifor?  
Han seger  
ingen ting.  
Spør.

Men Hauge kan også være langt mildere stemt – og mange vil som meg finne mye trøst i et dikt som dette:

#### LAUVHYTTER OG SNØHUS

Det er ikkje mykje med  
desse versi, berre  
nokre ord, røysa saman  
på slump.  
Eg synest  
likevel  
det er gildt  
å laga dei, då  
har eg som eit hus  
ei liti stund.  
Eg kjem i hug lauvhyttone  
me bygde  
då me var små:  
krupja inn i dei, sitja  
og lyda etter regnet,  
vita seg einsam i villmarki,  
kjenne dropane på nasen  
og i håret -  
Eller snøhusi i joli,  
krupja inn og  
stengja etter seg med ein sekk,  
kveikja ljós, vera der  
i kalde kveldar.

## GRUNNGJEVING FRÅ JURYEN FOR AMBOLPRISEN 2018

Juryen gjør framlegg om at Ambolprisen 2018 vert tildelt professor Ole Karlsen, Høgskolen i Hedmark.

**Som lektor ved Åsnes videregående skole var Ole Karlsen med på å setje i gang det såkalla Flisa-seminaret som tok for seg norsk lyrikk år etter år, og Olav H. Hauge var den andre forfattaren som fekk diktta sine drøfte og formidla der til lærarar og andre. Etter kvart seminar vart det gitt ut bok med artiklar og anna skriftleg stoff om den eller dei forfattarskapane som hadde vore tema. Boka om Hauge kom i 1994 og har tittelen Tunn is.**

*Om Olav H. Hauges forfattarskap.* Ole Karlsen, som alt hadde hovudfag i engelsk, leverte same året ei uvanleg fyldig hovudfagsoppgåve i nordisk litteratur med tittelen *Olav H. Hauges metapoetiske prosjekt*. Og Karlsen gjekk vidare med Hauge med doktoravhandlinga *Fansmakt og bergsval dom. En studie i Olav H. Hauges romantiske metapoesi*, Universitetet i Oslo 1999 . Det tredje større arbeidet om Hauge finn vi i Karlsens bok *Ord og bilet. Ekfrasen i Moderne norsk lyrikk*, 2003. Dette er den første større utgreiing om dikt som handlar om bildande kunst, ekfrasar, på norsk. Ein sekvens på vel 60 sider ber tittelen "Rita som i ein

draum. Ekfrase og biletkunstanalogiar i Olav H. Hauges poesi».

Som student gjorde Karlsen eit fagleg intervju med Hauge som kom i *Syn og Segn* nr. 1 1994. Karlsen har også delteke på seminar i Ulvik knytte til fagleg aktivitet kring forfattarskapen.

På den akademiske vegen vidare fra Åsnes var Karlsen innom både Nesna lærerhøgskole og NTNU i Trondheim før han vart tilsett som førsteamanuensis i nordisk ved Universitetet i Tromsø fra 1. januar 1998. Frå 15. september 2003 rykte han opp til professor, og frå 1. august 2010 vart han så tilsett som professor ved Høgskolen i Hedmark, Hamar.

Som forskar og lærar på høgste akademiske nivå har Ole Karlsen aller helst vilja arbeide med lyrikk. Saman med medarbeidarar har han alltid gitt arbeidet med lyrikk ein framskoten plass.

Og langt, kanskje lengst framme i Ole Karlsens faglege virke står arbeida om Olav H. Hauges diktning.

**Juni 2018.**

**Øystein Hide - Randi Jåstad  
Audun Lødemel - Idar Stegane**

## **UNDER STJERNONE** av Anne Karin Fonneland

Boka *PÅ ØRNETUVA* kom ut i 1961. Olav H. Hauge var usikker på tittelen. «På ein måte er det ein nifs titel» skreiv han i dagboka 25. juni 1961. Tittelen er henta frå *Skirnismål* frå den eldre Edda der det står: «På Ørnetuva/skal du årle sitja/nakken mot Mannheim/nasen mot Hel.» Guden Frøy sende Skirnir for å overtala ei jotunkvinne til å gifta seg. Dersom ho svara nei, skulle ho bli straffa med å sitja på ørnetuva, og slik bli isolert frå menneskeverda, men med ansiktet mot Hel, døden og dei vonde makte- ne. Den nifse allusjonen gjorde at Hauge fann ein annan tittel som han vurderte: «Men Doggi gjer vatnet vidast» eller kanskje berre «Dogg?» skreiv han i dagboka. Det vart «PÅ ØRNETUVA» likevel.

Boka vart eit litterært gjennombrot for Hauge som sjølv hadde vore inne i ei særskilt vanskeleg tid. Mange av dikta har motiv frå opphold på Valen, men storlesaren

Hauge hadde også fått mykje ny inspirasjon som gav boka eit friskare og meir moderne uttrykk enn dei tidlegare utgjevingane. Hauge utvikla seg stadig gjennom lesinga av ny litteratur og eldre tekstar som greske drama og romantisk diktning, i tillegg til fagstoff som filosofi, psykologi, språk og om diktning. Av og til gav sjukdommen «stemmer som han opplevde både som overveldande og gode». I dagbøkene skreiv han at ein semda kunne opplevast smertefull, men lesinga gav han perspektiv: «Den som ser ensamheten i øgat er aldri ensam», segjer Ekelund. For eit herleg ord.» (20. mars 1960)

«Kva vil dette framande ljo-set her?/ Dagen er under kvite stjernor./ Og draumane veks under månen.» (første strofe i diktet *Vinterdag*)

I dagbøkene siterte han stadig frå det han las. Han såg mellom anna på lesinga som ei søking

### **VERV EN VEN!**

Vi vil gjerne ha fleire medlemer i Venelaget. Medlemspengane i Venelaget Olav H. Hauge er framleis berre 250 kroner for eit år. Innbetaling til konto 3450 30 01960, Venelaget Olav H. Hauge v/ kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

NB: Skriv tydeleg namn og adresse på avsendaren!

etter å finna ut av den gåta som menneska, livet, kunsten og diktina er. Han siterte Goethe og konstaterte at mange av dei store tyske forfattarane streva med å «nå til utsyn og klårleik i sitt liv». Han skreiv om Goethe at «heile hans liv og diktning er eit ustanskeleg stræv i sjølv-daning». (28. mars 1960) I

denne perioden las Hauge også som nemnt gresk dramatikk. Han skreiv mellom anna om grekarane at «dei prisa fornuft framom alt, det er nett den sermenneskjelege evna. Nietzsche, veit me, og dei moderne gjer opprør her. Diony- sos mot Apollon». (26. juni 1960)

### **UNDER STJERNONE**

Kva er det som har drive meg ut under denne stride morgonhimmelen?  
Dei blå kravstore stjernone,  
kva er det dei vil?

Fjelli lovar ingenting, - vik berre  
so dei slepper fjorden inn  
og elvane ned, og stend  
forherda under snøen.  
Men skoglidi, skoglidi har kasta seg langflat  
og nækt si armod under stjernone.  
Det er mi eigi kvide, mi eigi sårnaud  
som ligg der jarnsvart og blødande  
og sver å grønkast og syngja.

Den einsame allierer seg med naturen i dette diktet. Ein kan sjå for seg den som står aleine under stjernehimmelen inne mellom dei høge fjella i Ulvik. Han nyttar ordet «kravstore» om stjernene. Ein kan sjå for seg alle dei overveldande lyspunktene, dei underlege blinkande stjernebileta som synest å ha innsikt i kontrast til den einsame i mørkret mellom fjella som «lovar ingenting/vik berre/ so dei slepper fjorden inn ...»

Den einsame er i eitt med naturen og kjenner seg mest i slekt med «skoglidi» som i diktet «har nækt si

armod under stjernone» der den som er fortvila erkjenner at det er «mi eigi kvide, mi eigi sårnaud/ som ligg der jarnsvart og blødande.» I siste verselinje blir diktet løfta av eget si kraft som «sver å grønkast og syngja». Her lukkar diktet seg, men opnar mot stjernene i tittelen og innleiinga. Det kjem ei forklaring fram for den som har stilt spørsmålet og som berre har naturen å vera saman med. Stjernene og krafta eget kjenner, er ei trøyst og ein vilje. Diktaren spør under stjernene, og Hauge kjende godt til Wergeland som skreiv: «Klag ikke

under stjernene over mangel på lyse punkter i ditt liv.» Hauge var på evig leiting etter fornuft og lyse punkt, men av og til var livet og sjukdommen overveldande.

14. oktober 1961 skreiv han: «Fåe har tid og tanke for deg og ditt. Dei festar seg ikkje ved det du sjølv gjeng og rugar yver og gjer til «berg som tyngjer foten og ditt ard.» (...) Litt lyt du ha lært likevel. Å trå på tornane, bita det i deg, halda ut.»

Viljestyrken kjem ofte fram gjennom notatane i dagbøkene. Det er ei stadig leiting etter skaping, forstand og fornuft. Det handlar om det åndelege og det kroppslege. Godt arbeid er bra for helsa. Han må ut for å stella trea. Han må klyppe, tynna og gjødsla. Han må slå graset, og han må stella det han har kring seg. Han skal vaske huset, handla og laga mat. Det er imponerande kor mange bøker han også får tid til å lesa og kor mykje han får ut av bøkene som han skriv om i dagbøkene. Det

var periodar der han fall ut av alt arbeidet og lesinga. Av og til vart det for mykje tobakk og alkohol. Tobakken var det verste for helsa. Av og til syntest han å leva strengt med eit pliktetos fordi han hadde kunnskap om kva som var vegen til psykisk og fysisk helse. Å skriva gode dikt krev enorm sjølvdisiplin og vilje. «Ovmod er di ulukka, di forarming», «berre den audmjuke er sterk», «Innprenting av måtehald, visdom er å fylgja dei gudgjevne lover som livet ein gong er underlagt. Arme Kreon» skriv han etter å ha lest den greske tragedien «Antigone».» Ingenting er færlegare for den undergangsdømde, den som er dømd til eit tragisk liv, enn å lyda til halvsæle, halvlukke trøysti, det som lindrar såri og gjev sviden og anken i hans hjarta til keid søte.» (26. juni 1960)

Motivet i diktet er dette fjellet som dukkar fram i medvitet til eget. Igjen ser vi at naturen går saman med den som opplever «mitt eige ovmod andsynes det uendelege.»

## TIL EIT FJELL

Det er som eg ikkje har sett deg fyrr, endå eg har hatt  
di viljeklo for augo all min dag,  
fjell er fjell, og Herren har vege dei.

Reisingi har eg set og roi,  
mitt eige ovmod andsynes det uendelege;  
dette er tydde teikn.

Men i otta i dag såg eg deg: Du var ei ørn  
som venta på solkoma, flogbudd.  
No har du falda dei breide vengene  
attum skogtoppane. Og skymingi  
og stjernone er dine.

Eget er også «sjåande» og kjenner til at «Herren har vege dei» og at det er «tydde teikn». Dette er vaniskeleg for lesaren å gå inn i, men konstateringa av at det er ro, reising og tydde teikn, gjev ei kjensle av mystisk innsikt og ei godkjennung av at fjellet er der med ei slags kraft, vilje og til og med ovmod eller utspring mot det uendelege.

I andre strofen vert fjellet transformert til ei ørn som ventar på «solkoma». Om vi tek med oss eget sine eigenskapar som fell sammen med fjellet i første strofe, kan ein gå ut frå at det er ei oppleving som eget i diktet har hatt. Ørna er ein mektig fugl som har falda ut dei «breide vengene attum skogtoppane». Det er eit kraftfullt bilet, men ørna ventar framleis på «solkoma». Den siste verselinja er løftande og lovande då den gjev ørna/fjellet, og kanskje også eget i diktet, ei kjensle av å vera i ein heilskap: «Og skymingi og stjernone er dine.» Det fell ei ro over bileta då det er ei konstatering av at ein har både «skyming» og «stjerner». Det ligg noko lovande i vente for den som speidar etter «solkoma.»

Den einsame diktaren syntest at «På ørnetuva» var ein nifs tittel, men 22. mars skreiv han i dagboka: «Um du byggjer høgt som ørni, ja om du har reiret imillom stjernone, skal Herren finna deg, stend det i bibelen, (Obdias) Forfattaren la

vekt på å ikkje vera sjølvmedlidande, men kjempande. Han trudde på kampen mot det vonde, og det gav meinung at ein skulle finna ein veg: «Det renn attende/ so løynd ei elv/ um du som Sinbad/ torde fylgja henne. (frå diktet *Attum einsemds berg*)

Den einsame forfattaren fann selskap i naturen og litteraturen. Han var begeistra for nokre av dei store engelske og tyske romantiske forfattarane, og i Norge var Wergeland, Aukrust og Nygard viktige poeter som han vurderte som «store ånder». Han lukka ikkje det romantiske universet omkring seg, men var interessert i moderne diktning som han også let seg påverka av, sjølv om Hauge stort sett heldt seg i eit naturmytisk og realistisk univers. Det overraska han at det vart så mykje dveling ved det vonde i den modernistiske diktninga, og han opplevde mykje av det nye som lettint og uviktig. Samtidig såg han noko av den modernistiske litteraturen som spennande, nyskapande og viktig.

Ved hjelp av naturen og litteraturen kunne den einsame poeten vinda seg inn mot menneska, mot lyset og stjernehimmen og bort frå det vonde. Å vinda seg mot lyset kan forståast som å venda seg mot livet. «Dei blå kravstore stjernone/ kva er det dei vil?»

## KJELDER:

- Olav H. Hauge: *Dagbok 1924–1994, band II*, Det Norske Samlaget, Oslo 2000.  
Olav H. Hauge: *Dikt i samling*, Det Norske Samlaget, Oslo 1996

## TOBAKKS BETEN av Sjur Tjelmeland

Du kom til gjerdet, stod og såg  
då eg kom der forbi.

Du snudde seint, let handi gli  
langs nettingen og gjekk.

Eg lést kje gå. For hugs  
at me skal kjennast me,  
i himmel og i helvete  
og tarv ikkje helsa hell.

Men tobakksbeten som eg stødt  
var tenkt eg skulde hatt  
i lumma kom eg ut – og att  
den hadde eg ikkje med.

Og attpå kom eg no i frakk,  
gjekk utanfor gjerdet der  
og høyrdet til ei onnor verd.  
Då ser ein ikkje ein som deg.

Olav H. Hauge var innlagd fleire  
onger på Valen sjukehus i åra  
1934 - 1961. Første gongen var  
han innlagd i over eit år i strekk.  
Han skreiv ikkje i dagboka då  
han budde på Valen, men etterpå  
skreiv han dikt og stykke i dagboka  
om livet på Valen.

Diktet *Tobakksbeten* kan lesast  
som ei oppleving frå Valen sjuke-  
hus. Mange av mennene på sjuke-  
huset var med på utearbeid, særlig  
i onnene, men òg elles i året.  
Dei arbeidde på den store garden,  
med såing og hausting, braut jord  
og grøfta myr, og verka i skogen  
og stelte i fjøset. Jamt over var dei  
trufaste og flinke arbeidsfolk.

I ein periode var det skikken at  
gardsstyrraren kom med ein kveil  
skråtobakk rundt armen når arbeidsveka var slutt om laurdaga-  
ne. Han drog tolekniven or slira  
og skar av ein bete og delte ut til  
dei som han meinte fortente ei på-  
skjøning for godt arbeid gjennom  
veka. Ikkje så radt få av karane på  
sjukehuset togg tobakk, altså skrå.  
Det var sterk kost, det hende folk  
gjekk i bakken første gongen dei  
prøvde slike «godsaker».

Olav H. Hauge brukte og tobakk  
i delar av livet. Diktet *Tobakksbeten*  
kan vera ei skildring av dei tan-  
kane diktaren gjorde seg då han  
gjekk forbi luftegarden, der nokre  
pasientar oppheldt seg på innsida  
av gjerdet.

Du-personen i diktet kan godt  
vera ein kjenning, ein medpasient  
då Olav H. Hauge var innlagd på  
sjukehuset. Diktet er tilbakesko-  
dande, diktaren høyrdet då til på  
utsida og var ikkje lenger pasient,  
men «storkar» i frakk «og høyrdet  
til ei onnor verd.»

Me anar at venen vart vonbroten  
over å bli oversedd. Han «snudde  
seint, let handi gli langs nettingen  
og gjekk.» Det er inga god kjensle.  
«Eg lést kje gå», seier diktaren. Han  
lét som om han ikkje såg venen el-  
ler kjenningen innom gjerdet. Pasien-  
tane hadde ikkje nemnande for-  
mell omgangstone seg i mellom.  
Dei «tarv ikkje helsa hell». Men dei

visste dei hadde noko felles. «Me  
skal kjennast me, i himmel og i  
helvete.»

Livet og dagane på sjukehuset  
kunne gå som berg- og dalbane.  
Mange dagar var tunge og trasige,  
andre gonger kjendest livet godt.  
Det var ei trøyst i felles lagnad, dei  
kjende til kvarandre og visste kor-  
leis dei andre kunne ha det. Olav  
H. Hauge visste meir enn dei fleste  
korleis det kjennest når livet buttar  
imot.

Denne gongen hadde han ikkje  
med tobakksbeten. Det kan vera  
fordi han ikkje lenger høyrdet til  
på sjukehuset, «gjekk utfor gjerdet  
der/ og høyrdet til ei onnor verd./  
Då ser ein ikkje ein som deg.»

Me anar ei sår kjensle bak siste  
linja i diktet.

Han hadde støtt tenkt at han  
skulle hatt tobakksbeten i lomma,  
når han kom ut – og kanskje kom  
att - var det for at han ville gje han

til venen? Og så hadde han gløymt  
å ta han med då han såg han?

Temaet i diktet er ikkje nødven-  
digvis avgrensa til tobakksbeten.  
Det kan heller dreia seg om å sjå  
kvarandre, helsa og gje seg til kjen-  
ne og koma med nokre oppmun-  
trande ord til dei som treng det.  
Særleg når me møter folk som har  
det vanskeleg; anten det er sjuk-  
dom eller sorg, veit me ikkje kor-  
leis me skal te oss eller kva me skal  
seia. Då er det enklast å ikkje lesta  
gå, lata som om me ikkje ser ein  
ven eller ein kjenning.

Oftast veit me kva me burde  
gjort, me kjem i alle fall på det et-  
terpå, men torde ikkje våga oss inn  
i ei kjenslevar verd, då nokon trøng  
eit smil og eit godt ord.

ikkje lesta gå –  
oversjå, ikkje bry seg  
ei onnor verd –  
ei anna verd, eit anna tilvære

## KONTAKTINFORMASJON TIL MEDLEMMANE

Kontakt vil vera lettare om vi kan  
få e-post adressa til medlemmane.  
Dei som ikkje har sendt inn kan senda til  
leiaren Olav Ljones ola-lj@online.no

## TO KJELDER MED UPRENTA DIKT OG ANNA ETTER OLAV H. HAUGE av Arne Skjerven

Ulvik lokalhistoriske arkiv har hatt verdfulle skriv, dikt, omsetjingar, lokalsoge og kvardagsskildringar etter Olav H. Hauge lagra mellombels. Her skal me sjå på innhaldet i dei to kjeldene det gjeld, og gje att titlar og anna frå noko av det nedskrivne. Dette gjeld to eplekassar med uprenta dikt og fleire andre ting for seg, og så i tillegg 12 notis/kladdebøker og ein bunke tettkskrive ark bretta fint saman. Ingen av desse har noko med dagbökene til Hauge å gjera.

NB! Sjå kjeldetilvising i artikkelen og i etterskrift.

Hauge sende dikt til gode venar. Dei var oppmuntrarar og pådrivarar utan at dei var det me kan kalla konsulentar. Gjert Vallevik var ein av dei. Då Hauge hadde ferdig utkastet til fyrste boka si, skreiv Gjert: - Gratulerer med det fyrste barnet!

Både Gjert og broren Karl oppmuntra Hauge i skriv og samtalar. Det gjorde elles Oddvin Reisæter òg, som saman med Gjert var gartnarinteressert. Då diktet Vår kom, skriv Oddvin: - På høgd med det beste du har skrive, det er for meg hugnad å lesa det om att og om att.

Og endeleg må me nemna at til dømes Gjert, tok vare på det han fekk tilsendt. Det er det me skal sjå på her, som kom frå eplekassane.

### EPLEKASSANE

Dikta eg fann i eplekassane i slutten av 1990-åra, stamma altså frå den gode venen Gjert Vallevik (1911–63). Etter han døydde, vart dikta i slekta. Då så Hauge døydde, så ville sonen til Gjert, Pål (f. 1951), at Bodil Cappelen skulle få

dikta att. I eit brev dagsett 17.09. 1995 klokka 22, skriv han til Bodil om dette, og to dagar seinare, altså 19.09 og då klokka 11, har han kopiert dikta, underskrive brevet og sendt det til Bodil. Ho kjende ikkje alle desse dikta, sjølv om Olav hadde vist ein del av dei til henne. Eg kjende dei slett ikkje då eg kom over dei i arkivet til heradet.

Etter gode samtalar med Bodil har ein del dikt vorte prenta fram til 2008, og no i 2018 har Bodil gjeve ut *Seljefløyta* på Samlaget (SFS), der fleire av desse er med. Her skal eg ta med alle dikta. Dei som har vore prenta før me fann dei, til dømes i «For Bygd og By» (FBB), kjem med, så dei som har vorte prenta etterpå, og kvar dei er prenta. Det gjeld boka for 100-årsdagen til Olav H. Hauge i 2008, «*Olav H. Hauge og bygda*» (OHB), skiven av Steinar I. Bergo og meg på Samlaget. Eg tek dikta her andfares slik dei er reinskrivne etter handskrifta til Olav. Dei fleste er ikkje tidfesta, men tyngda er frå 1930-talet.

### DIKTA

*Ein stjernehimmel i mi sjel* seg kvelver, to vers, attgjeve i OH

*Lyd til ditt eige hjarta*, dikt på tre vers, uprenta

*Vindal kveld*, 1938, sju vers, attgjeve i SFS

*Fuglen og fisken*, 1938, tre vers, attgjeve i SFS

*Endå ein gong solblid dagen*, 1938, fire vers, attgjeve SFS

*Gleda*, 1938, fem vers, attgjeve i SFS

*Åndsens verk*, fire vers, attgjeve i OHB

*Kjøtmeisen*, tre vers, uprenta, dedikert til lærðolen Arne Blaafat i 1956, nedskrive på diktsamlinga *Seint rodnar skog i djuvet*

*Mauren*, 1961, tre vers, Hauge skreiv det 21.12.1961 på diktsamlinga *På ørnetuva*.

*Sein kveld*, fire vers. Attgjeve i OHB

*Dei fyrste vårblomane*, 1938, sju vers, attgjeve i SFS, eit i OHB

*Kven veit kvar* (Slaget ved Kalin 18. juni 1579 av Detlev von Lilimeron, uprenta omsetjing)

*Hella*, 1938, ti vers, attgjeve i OHB og SFS

*Lærdalselvi*, eit vers dedikert til Arne Blaafat, som var lærðol, som far til Olav. Prenta i OHB

*Haust I og II*, 1938, fire + to vers, attgjeve i OHB og SFS.

Kan syngjast til tonen til Å Vestland, Vestland

*Du er tagal*, seks vers, uprenta

*Sumarmorgon i Ulvik*, 1933-38, 10 vers. Han deklamerte diktet i 1933–34 på eit treff for ungdommar på Solsæ-stølen, sjå OHB.

Diktet vart ferdigskrive på maskin i 1938. *Perla i Hardanger*, stammar herifrå. Også attgjeve i SFS. Kan syngjast til «Ved Rondane» av Grieg

*Winter Morning in Ulvik*. By Olav Hauge, 1938, sju vers på engelsk, attgjeve i OHB

*Nyårsklokkone*, truleg omsett nett før 1938 etter Alfred Lord Tennyson sitt dikt, åtte vers, seinare omsett i *Utanlandske dikt* i 1967, då det der heiter *Ring, ville klokkor*. I OHB står både omsetjingane ved sida av kvarandre

*Namnet hennar*, fire vers, FBB, nr. 17, 1941,  
omsett etter Edmund Spenser

*Mon village*, fem vers, nedteikna på fransk, ikkje omsett

*Livet fylt av fagnad*, FBB, 9. september 1942

*Kvernfossen*, ni vers, FBB nr. 12, 1940. Vart seinare til Fossen

*Kjærleik sigrar yver dauden*, to vers, FBB, 16. juli 1941,  
attgjeve i OHB og SFS

Som lesarane ser, er det nokre dikt som framleis ikkje er prenta. Dei kan de nok få tilgang til på Hauge-senteret for lesing. Fleire dikt er det òg i samlingar på Universitetet i Bergen. Ei skrivebok ber namnet Etterrakst, og her er det kring 50 dikt. Så finst det òg ein del utanom dei. Diktet *Soldatvise*, som er med i SFS no i år, tok eg med til Bodil, og me fekk òg bruka det i OHB. Originalane til dagbøkene er på Nasjonalbiblioteket, og dei omtala notisbøkene har Hauge-senteret. Sjå under.

Elles er det råd å finna alle titlane i boksamlinga til Hauge på nett, og størsteparten er utstilt på Hauge-senteret.

## NOTISBØKENE TIL O. H. HAUGE OG «GAMALT FRÅ ULVIK» I 2012

Desse bøkene er noko han hadde for handa frå 1932 til 1961, og Hauge-senteret har dei no. Her skreiv han ned laust og fast, mykje etter mor si, men elles òg soger frå store delar av Ulvik. Nedteikningane

syner at han snakka med mange, så han var så visst ikkje nokon einstøing.

Dei mange sogene er korte. Det er mest som ei grein av kortdikta hans, som han av og til kalla stubbadikt, altså ei svært kort forteljing i kortform, der personar oftast òg er namngjevne.

I tillegg er her ordsamlingar, sende til Norsk Målførarkiv, ordtak eller aforismar (Sjå her Andreas Bjørkum si bok: *Målmeistaren frå Ulvik*). Han brukar til dømes ordet odelstein, altså ein gardsgut. I klamme står det poet. Altså skal ein poet avlast og odlast. Her finn me og ei skisse av ein kunstnar:

*Eg trur at den største hindring for ein kunstnar er at han ikkje synest hans eigne tankar er verdfulle nok,*  
*Ikkje gode nok. Han er med andre ord tidast for smålåten og trur for lite um seg sjølv.*

Me finn også dikt her, men ikkje mange. Eit er noko langt. Det heiter *Med ei bok*. Godt skildra, og

vel verdt å lesa både med tanke på Hauge og deg sjølv.

Eg tek med eit dikt her, som tydeleg er i slekt med fleire av dikta til Hauge. Kva ser du gjennom glaset? spør eg.

## HAUSTKVELD

*Svarte fjell,  
inn port og hus,  
ringa inne  
i stjernesky*

*Då ropar ei stjerne  
der ute, langt ute  
fell ei lysande stripe  
ned imot det myrke  
fjellbandet som  
høgg rapet av  
med sin myrke mur.*

*Det skjer der ute  
det skjer..  
det er der  
det hender  
noko...*


Bøkene *Olav H. Hauge og bygda* og *Olav H. Hauge og «Gamalt frå Ulvik»* er einast å få kjøpt på Hauge-senteret. *Seljefløyta* er å få i

bokandelen. Det same er *Målmeistaren frå Ulvik*. Biblioteka skaffar alle.

*For dei som ynskjer å sjå meir på ordsamlingane til Hauge, ordtaka hans og ulvikamålet han nyttar, så er det mykje meir å finna om dette i hefta frå Andreas Bjørkum: Talatosten 1994, 1995, 1996 og elles i ein artikkel til dansken Inger Ejskjær på 70-årsdagen i 1996. Elles har Bjørkum og andre meir om hardingmålet og Olav H. Hauge, sjå litteraturliste s. 295 i Målmeistaren frå Ulvik. Nokre av desse har Hauge-senteret og fått av meg, som fekk dei i gáve av Bjørkum.*

*TONO-lista* er og ei god kjelde med fleire hundre tonar til Hauge-dikt. Me veit at Hauge likte godt Geirr Tveitt sine melodiar, til dømes til «Revebjøllor, Fela, Snø, Issoleie og Seljefløyta». Mange andre har fylgt etter, og Per Indrehus toppar lista med flest. Men Magnar Grøndal, Pelle Mikkelborg, Sondre Bratland, Kjell Habbestad, Sarre Olsen, Arvid Fladmoe, Knut Vaage, og vår lokale Heine Tjoflot er andre. Her er òg ei kjelde og ein inngang til Hauge si dikting.

## DAGBOKA - KVEN ER OFTAST OMTALA? av Olav Ljones



Dagboka er ei rik kjelde til å forstå diktaren Olav H. Hauge og hans liv, men også til å forstå den tida og det samfunnet han levde i. Litteratur er ein viktig del av Olavs univers, både samtidige forfattarar, men også eldre klassikarar. Det er ikkje berre norske, men også utanlandske forfattarar og tenkjarar.

Sjølv sagt er den som er omtala flest gonger, kona Bodil, med 300 omtaler. Så det er ikkje tvil om at lesing av dagbøkene er ei rik kjelde til innsikt.

Eg, som er vand med å arbeide med tal og teljing, har sett på registeret som fortel om omtalene av ulike personar, inkludert naboar, slekt og vener. Omtala kan vera kort eller lang, og ofte er det ros, men også meir kritiske kommentarar er det plass til. Eg har talt opp kor mange gonger dei er nemnde i registeret, og ut frå dette sett saman ei rangeringsliste.

Kanskje litt overraska vart eg då eg fann at den svenske

poeten og essayisten Vilhelm Ekelund (1880–1949) har ein ganske klar førsteplass. Banda mellom Olav H. Hauge og Ekelund er omtala i biografien om Hauge av Knut Olav Åmås. Her peiker Åmås på banda til både Uppdal og Larsen, og diktarar som er høgt oppe på rangeringa på neste side.

For meg vil ei slik samansetjing av tal ikkje vera det endelege svaret, men ein av fleire inngangar til å lesa dikt og dagboka for å verta

visare. Meir om dette i seinare utgåver, og fleire tal vil verta lagde ut på heimesida.


### TALET PÅ OPPSLAG I REGISTERET I DAGBOKA

Ekelund Vilhelm	270	Duun Olav	122
Goethe Johann W	250	Hamsun Knut	118
Nietzsche Friedrich	229	Økland Einar	116
Emerson Ralph	224	Jacobsen Rolf	113
Aukrust Olav	218	Undeland Sigurd	113
Vesaas Tarjei	206	Vinje Aasmund Olavsson	111
Vold Jan Erik	196	Øverland Arnulf	111
Nygard Olav	188	Vesaas Halldis Moren	110
Eliot Thomas	180	Bjørnson Bjørnstjerne	108
Ibsen Henrik	167	Rimbaud Arthur	108
Uppdal Kristoffer	164	Strindberg August	108
Garborg Arne	161	Duun Olav	107
Hølderlin Friedrich	148	Platon	107
Skrede Ragnvald	146	Stegane Idar	107
Blake William	145	Rilke Rainer Maria	106
Shakespeare William	137	Bly Robert	104
Aasen Ivar	137	Pascal Blaise	102
Kinck Hans E	135	Pound Ezra	102
Baudelaire Charles	134	Wordsworth William	101
Larsen Alf	132	Yeats William	101
Wergeland Henrik	126	Ørjasæter Tore	101
Poe Edgar Allan	125	Brecht Bertolt	100
Walton Stephen	124		

## EIT DIKT TIL OLAV H. HAUGE FRÅ MIA BERNER

av Olav Ljones

Ved eit tilfelle medan eg bladde i ei av bøkene i boksamlinga etter Olav H. Hauge på Hauge-senteret, kom eg over eit ark med eit dikt av Mia Berner. Diktet er slik:



Det er underteikna: En lärodikt om Olav H. Hauge av Mia Berner. Så kan vi i Dagboka for 17.04.1984 og 26.04.1984 lese omtale av eit dikt som Olav har fått frå Mia Berner. Den 23.05.1984 skriv OHH ei påminning til seg sjølv om å sende takkekort til Mia. Olav lika diktet frå Mia Berner. Eg reknar med at det diktet eg fann er det same diktet, men heilt sikker kan ein ikkje vere. I brevarkivet i Universitetsbi-

blioteket er det ikkje lagra brev frå Mia Berner til Olav H. Hauge. Kan hende at det diktet som eg fann er originalbrevet og at det er grunnen til at det ikkje er i brevarkivet.

Olav skriv i dagboka at han etter dette finn fram og les dikt av Pentti Saarikoski, den finske lyrikaren som var gift med Mia Berner frå 1975 til han døydde i 1983. Om dette skriv Olav i dagboka for 1.6.1984: «SAARIKOSKI Etter hel singi ifrå Mia Berner, har eg lese i eit utval eg har av diki hans – på



svensk, sjølvsagt. Geni? Fyllerør? Både delar».

Mia Berner vart fødd i Stavanger i 1923 og starta studiar på Universitetet i Oslo i 1942. Ho vart nært

knytt til Arne Næss og involvert i motstandsarbeid og drog til Sverige i 1943, der ho vart buande heilt til 2003. Ho har virka som sosiolog, men òg med ein litterær produksjon. I 2010 kom posthumt ut diktsamlinga *Et leskur for vinden* og erindringsromanen *Tretten*. For dei som vil vite meir om Mia Berner, kan eg visa mellom anna til omtale i *Prosa* i 2010 av Morten Strøksnes. <http://2001-10.prosa.no/artikkelen.asp?ID=594> og minneord frå Knut Olav Åmås 10. desember 2009. <https://www.aftenposten.no/meninger/i/GaEKm/Den-helt-frie-tenkeren>

Olav lika godt det korte «lärodiktet» frå Mia Berner, skriv han i dagboka. Mi vurdering er at i få

## MEDLEMSKONTINGENT 2019

Saman med Venelagsheftet for desember 2018

får du innbetalingsblanket for medlemskontingen for 2019 på kr 250.

til konto 3450 30 01960,

Venelaget Olav H. Hauge

v/ kasserar Anders Opheim,

Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik

## GRO DAHLE MED EIGNE DIKT

I ULVIK FOLKEBIBLIOTEK av Olav Ljones

ord får Mia fram særtrekk ved mennesket og diktaren Olav H. Hauge. **Gro Dahle vitja Ulvik Folkebibliotek tysdag 13. november i samtale med Guro Ljone.** Gro Dahle var nøgd med godt frammøte og hadde tankar om at arven etter Olav H. Hauge hadde gjort Ulvik til ei poesi-bygd. Ho avslutta med å lesa sitt dikt «Les Olav H. Hauge og lag et dikt» (Diktet er trykt i boka Tida å hausta inn 31 Forfattarar om Olav H. Hauge, Redigert av Bodil Cappelen og Ronny Spaans, Samlaget 2008).



## Gro Dahle Les Olav H. Hauge og lag et dikt

- 1 Les Lu Chi og lag et dikt,  
skrev den store dikteren.  
Og det lille diktet mitt himler med øynene.  
Klart det skal leses og skrives dikt  
Les Olav H. Hauge og lag et dikt, sier diktet mitt  
og lar ordene hente de grønneste eplene inn,  
elvedaler og fjord.  
Les Li Po.  
Les T'ao Ch'ien, Paul Celan.  
Emily Dickinson!  
Å, alle disse store kineserne!  
Alle disse gartnerne!
- 2 For dette lille diktet mitt  
raker løv rundt huset  
til den store dikteren,  
litt nusk og rusk,  
og vinden hjelper til  
med å spre alt sammen  
utover tunet, nedover veien,  
ut over vannet  
og videre.  
For veien er lang  
og heggen full av humler  
og noen dikt  
bare varer og varer  
evig
- 3 Tenk å være fallet,  
sier det lille diktet mitt  
og peker på fossen  
som bare detter og detter.  
Tenk å være selve fallet,  
sier diktet,  
og vannet faller  
og diktet faller

og alt bare faller  
og faller i dette fallet  
som faller  
ned fjellsida,  
ned boksida,  
ned gjennom meg  
med bokstavene sine,  
med tyngda si,  
og lyden av diktet  
synger i hodet mitt,  
gynger i tankene mine,  
faller og faller  
og faller  
og er selve fallet,  
selve tråden,  
spindeltråden  
mellan  
det høye  
og det lave.

- 4 Dette lille diktet mitt peker på katten,  
for jeg har lest om katten  
og sett katten gå over tunet  
helt stille slik bare katten kan gå.  
Å være katt  
slik bare katten  
kan være katt.
- 5 Dette lille diktet mitt  
Følger ordene hans over den gule duken,  
Følger blikket hans fra vinduskarmen  
Og ned fjorden der fuglene en gang satte seg på isen.  
To båter på fjorden.  
Når det kommer til et stykke,  
er det ikke så mye som skal til.  
Det er lite som skal til  
skriver Olav H. Hauge,  
og det lille har hjertet alltid visst.  
Og det lille diktet mitt  
setter seg i vinduskarmen hans

og vipper med føttene.  
Vipper og vipper  
med føttene,  
det er en fin dag til å vippe.

- 6 Dette lille diktet mitt  
går i sokkelesten  
over gulvet,  
dette lille diktet mitt  
går med lette sko over tunet.  
Jeg følger ordene hans  
over gårdspllassen,  
jeg går mellom rader av epletrær,  
jeg går gjennom bokstavenes høye, myke strå.  
Over gresset, over gresset,  
innunder fjellet,  
og sjøen ligger stor og tung og dyp  
i hvert eneste spinkle ord.
- 7 Dette lille diktet  
har sett åkeren en morgenstund  
og hoggestabben under øksa.  
Det er hardt å være stabbe,  
men fint å være gult korn.  
Og fint å være katt,  
for katten er den klokest.  
Kanskje ikke den klokest,  
men i hvert fall den vareste.  
Det har jeg lest.  
Og elva, den som faller lengst og tyngst.
- 8 Dette lille diktet mitt peker  
på de små tingene,  
på steiner, gressstrå og tynn is.  
Små ting, hverdaglige ting,  
helt vanlige dikt om vanlige ting.  
Et pinnsvin, en hoggorm, en kråke.  
Nei,  
ikke helt vanlige dikt, nei,  
ikke helt enkle allikevel,

ikke helt hverdagslige, nei,  
uansett hvor hverdagslige de er.  
Den lille forskyvningen,  
den lille linjedelingen,  
det lille pustet i pausen,  
ordet som venter,  
den lille vrien  
som plutselig får  
diktet til å stige opp  
elver og daler og bergsider  
i lag på lag.

- 9** Dette diktet mitt  
peker på det vidunderlige.  
Ja, på det vidunderlige  
som løfter seg  
i hvert ord,  
det vidunderlige  
som ligger der og venter  
på å løfte seg,  
på å åpne seg.  
Og dette lille diktet mitt peker  
på det vidunderlige  
i alt det hverdagslige,  
for det går an å leve i hverdagen og,  
sier den store dikteren  
og sette vinduer på vidt gap,  
dører på vidt gap,  
fjellet på vidt gap.  
For alt som kan åpnes, kan åpnes,  
og alt kan åpnes på vidt gap.  
Og disse diktene gaper over hele verden.  
Da kan dette lille diktet mitt  
bare sette seg ned i lyngen  
nedi lyngen  
nedi lyngen  
og vifte med ørene.

**10** Dette lille diktet mitt  
prøver å være saklig,  
for det kan man godt være,  
saklig jordnær,  
strekke sine røtter  
ned i jorda, innunder tunet, huset, veien  
og telle greinene på epletrærne  
og peke på stein og si Stein.

Det er da steinen  
slutter å være Stein  
og det saklige  
slutter å være saklig.  
Det er kanskje der diktet begynner

å leke  
i gresset.  
For det er mye å leke med  
for et dikt,  
spesielt et saklig dikt  
som kan sine greiner  
og vet hva en Stein er  
og liker å kjenne gresset under seg  
og himmelen over.

**11** For dette lille diktet mitt peker  
at der skjedde det noe, der, der, der der,  
da ble det åpnet dører og vinduer,  
da ble det åpnet porter og kjellernedganger,  
da ble det åpnet øyne og ører  
og der sto jeg vidåpen og tok i mot  
disse diktene hans,  
for jeg leste Olav H. Hauge  
og så verden på nytt,  
våknet til gresset og vannet,  
til treet og skogen og elva bortom fjellet.  
Og alt sang i meg.  
Og alt løftet og bar.

## FRÅ ÅRSMØTET I VENELAGET LAURDAG 8. SEPTEMBER 2018 PÅ ROSSVOLL av Olav Ljones



Årsmeldinga og andre dokument er lagde ut på heimesida venelaget-hauge.no. På årsmøtet i 2016 vart det vedteke å greia ut samarbeid med Hauge-senteret. Det som ein særleg har greidd ut er samarbeid om heimesida og eit forslag om å flytte heimesida til Venelaget til heimesida til Hauge-senteret.

Årsmøtet slutta seg til konklusjonen i notatet som vart lagt fram.

«Årsmøtet gjev det nye styret fullmakt til å gå inn i eit samarbeid med Haugesenteret/ Nynorsk kultursenter for å få på plass ei best mogleg løysning for heimesida og andre digitale publiseringaktivitetar.» Tidspunktet for overgangen av heimesida vil høve ved årsskiftet 2018 – 19 da Hauge-senteret skal skifte til ny digital publisering. Magne Velure som no går ut

av styret, vil støtte Venelaget i denne overgangen.»

Etter årsmøtet har Hauge-senteret gitt melding om at det skal endra og modernisere den samla nettstaden til Nynorsk kultursentrums. Dette vil vara ut heile 2019 og det er best at ein ventar til dette er ferdig før ein flyttar Venelagets heimeside over til Hauge-senteret si side. Venelaget vil venta og har sett i gang ei enklare modernisering av nettstaden venelagethauge.no medan ein ventar på samanslåinga.

Val av nytt styre: Olav Ljones, leiar, Marit Hafting, Guri Hjeltnes, Kamilla Systaddal, Ingebjørg Winjum, Astrid Kløve-Graue – vara (Pia Davanger Angell - vara har trekt seg etter årsmøtet).

## OLAV H. HAUGE-SAMLINGANE, KVA OG KVAR ER DEI? av Stein Arnold Hevrøy

Tre ulike institusjonar har samlingar etter Olav H. Hauge: Nasjonalbiblioteket tek hand om Hauges dagbøker, Universitetsbiblioteket i Bergen har diktmanusskript og brev (både frå og til), mens Hauge-senteret forvaltar boksamlinga etter Hauge (som er eigd av Hauge-stiftinga), i tillegg til originalbreva mellom Hauge og Bodil Cappelen og noko anna arkivmateriale.

Sidan dagbøkene til Hauge er publiserte av Det Norske Samlaget, er det berre å setje i gang med å lese. Etter det eg forstår skal svært lite stå i originalane og ikkje i dei publiserte utgåvene.

Når det kjem til diktmanuskripta og breva på Universitetsbiblioteket i Bergen lyt ein først få løyve frå Bodil Cappelen – det gjeld kopiar av dokument, og vidare bruk av desse til eventuelle publikasjonar. Etter løyve er henta inn må ein kontakte seniorkonsulent ved Universitetsbiblioteket, Ola Søndenå, på e-post [Ola.Sondena@uib.no](mailto:Ola.Sondena@uib.no).

Dersom ein vil utforske boksamlinga på Hauge-senteret må ein kontakte underteikna som er dokumentasjonsansvarleg på Olav H. Hauge-senteret på [stein@haugesenteret.no](mailto:stein@haugesenteret.no) for å gjere avtale. Har du ikkje høve til å kome til Hauge-senteret sjølv, kan du be oss om å søke etter materiale for deg, og om å få kopiar av eventuelle funn. Ved vidare bruk i til dømes publikasjonar, føredrag eller studentarbeid ber vi om at det blir referert til samlinga på Olav H. Hauge-senteret.

## POESIFESTIVALEN 2018 av Olav LjoneS

Poesifestivalen i Ulvik vart arrangert i dagane fredag 7. til søndag 9. september, ja, faktisk òg med program torsdag 6. september. Det er Hauge-senteret som er arrangør. Hauge-senteret er ei avdeling av Nynorsk kultursentrum som ligg i Ørsta. Programmet femner vidt med poesi, viser og musikk.

På heimesida til Hauge-senteret finn du det samla programmet og ei oppsummering av årets festival. Som ein vil sjå, er det mange kunstnarlege innslag, og festivalen er ikkje berre ein Hauge-festival, sjølv om historia er tufta på arven etter Olav H. Hauge. Venelaget

får høve til å arrangera eitt av programminnslaga. I tillegg til dei programminnslaga som Hauge-senteret nemner i si oppsummering, vil vi nemna at det programminnslaget som Venelaget stod for oppe på diktarbustaden Rossvoll, hadde mange tilskodarar. Det kunstnarlege utbyttet var særskilt høgt. Liv B. Osa las dikt og fortalte om Hauge og sine røter i Ulvik. Liv si tolking av Hauge-dikt er heilt framifrå, naturleg og med kunstnarleg innleiving. Felespelaren Knut Hamre deltok med si hardingfele og med minne og historier frå samvær med Olav H. Hauge.



Knut Hamre og Liv Bernhoft Osa på Poesifestivalen 2018



## KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

---

**Gro Dahle**, fødd i 1962 busett på Tjøme. Forfattar av diktsamlingar og prosa- og barnebøker. Bøkene er oversatt til fleire språk.  
Underviser i kreativ skriving.

**Anne Karin Fonneland**, fødd i 1956, bur på Sunde i Sunnhordland.  
Ho er cand. mag. frå Universitetet i Bergen med faga litteraturvitenskap, sosiologi og psykologi. Dessutan har ho teke utdanning i mediefag og skulebibliotekteneste.

I arbeidslivet har ho vore innom bibliotek, lærar i grunnskule og lengste tida i den vidaregåande skulen, frå 2000.

Anne Karin Fonneland er òg forfattar. Ho debuterte i 1996 med diktsamlinga Marmormjølk. Seinare er det kome seks diktsamlingar, og ho er representert i ei rad antologiar.  
Ho har også skrive ein roman, Apalgard.

**Ole Karlsen**, fødd i 1954, Professor Høgskolen i Hedmark og Universitetet i Tromsø, Hovudoppgåve og doktorgrad om Olav H Hauge.

**Olav Ljones** fødd i 1946, Busett i Oslo, Samfunnsøkonom no pensjonist frå Statistisk sentralbyrå. Leiari i Venelaget Olav H. Hauge,

**Arne Skjerven**. Fødd i 1944. Busett i Ulvik. Tidlegare lærar. Ein av skiparane av Venelaget og pådrivar for Hauge støtta i Ulvik.  
Forfattar av fleire Haugebøker. Skribent i aviser m.a. Hordaland, Aktiv tillitsmann i Noregs Mållag.

**Sjur Tjelmeland**, fødd i 1949. Han bur på Valen i Sunnhordland.  
I arbeidslivet har han vore journalist og redaktør, dessutan har han skrive ei rad bøker om arbeidsliv, Valen Sjukehus m.m.

Returadresse: Magne Velure, Bryggerigata 5A, 2609 Lillehammer

bister : regnet grotta

## STYRET I VENELAGET

Olav Ljones, leiar - **ola-lj@online.no** - tlf 90 69 39 04

Marit Hafting - **Marit.Hafting@uib.no** - tlf 995 50 315

Guri Hjeltnes - **guri.hjeltnes@hlsenteret.no** - tlf 452 30 353

Kamilla Systaddal - **kamisyst@gmail.com** - tlf 464 22 510

Ingebjørg Winjum - **Ingebjorg.Winjum@granvin.kommune.no** - tlf 404 03 863

Redaktør for denne utgåva av Venelagsheftet: Olav Ljones

Tundas do klatra vore  
Olav H. Haugland